


Årbok 1995



NORSK
OLJEMUSEUM

Årbok 1995
med årsmelding for 1994

Per-Bjørn Pedersen

Norsk oljespråk i eit tiårs perspektiv*

Det er no ein mannsalder sidan oljeindustrien kom til Noreg. Landet vårt hadde ingen nemnande kompetanse i leiting av olje og gass. Framstilling av olje, bensin og gass var eksotiske næringar som dei hadde i Arabia og Texas. Olje var fyrst og fremst inntektskjelde for tankskipreiara i etterkrigstidas Noreg. For landet elles var oljeprodukt ein dryg utgiftspost i hard valuta.

Denne situasjonen vart brått endra då Phillips Petroleum fann olje på Ekofisk-feltet, tett opp til dansk sektor. Interessa for konsesjonar til oljeleiting i norske farvatn steig dramatisk, og på kort tid vokste oljenæringa til å bli ei av dei viktigaste i landet.

For norske styresmakter fanst det to vegar ein kunne ha gått for å utvikla dei store naturrikdommane som heilt uventa vart openberra utanfor stredene våre. Den eine vart vel aldri alvorleg vurdert. Det kunne ha vore ein heilnorsk framvokster av oljenæringa, bygd på kunnskap og røynsle frå aktuelle fag i eksisterande industri på land. Medan ein gjorde røynsler, lærde av feil, og tileigna seg teknikkane i ein naturleg vokster, kunne styringa ha lege fast i Noreg, og norsk oljespråk villa ha utvikla seg saman med denne delen av samfunnet òg, liksom fagspråket har gjort før i andre delar av norsk samfunnsliv.

Dette skjedde ikkje, og var nok heller ikkje noko realistisk alternativ. I staden vart utanlansk ekspertise og kapital importert, og drifta av olje- og gassfelt i fyrstninga overlaten til transnasjonale oljeselskap. Phillips Petroleum, Elf Aquitaine, Mobil og andre fekk snøgt store operatøroppgåver, og vart pionerar på norsk kontinentalsokkel.

Med dei utanlanske operatørselskapa fylgte framandspråkleg personell på dei fleste område. Engelsk var arbeidsspråk, både i amerikanske og franske selskap. Engelsk, og ikkje norsk, blei språket som namngav ting, fenomen, prosessar og stillingar i det som snart skulle verta den mest ekspansive sektoren i norsk næringsliv.

* Tidlegare prenta i Festschrift til Lars Vassenden, Universitetet i Bergen

Særleg i Stavanger vokser det fram framandspråklege samfunn med fleire tusen medlemmer. Dei hadde eigne skular, og lærde seg vanlegvis ikkje norsk, men hadde nokså einsidig omgang med andre frå same kultur- og språk. Men det norske samfunnet omkring tilpassa seg dei kjøpsterke utlendingane. Tenesteytande næringer innstilte seg på engelsk språk i reklame og anna marknadsføring. Norske tilsette tilpassa seg engelsk arbeidsSpråk, og styresmaktene godtok i stort monn at petroleumsnæringa var engelskspråkleg.

Deltaking av utlendingar, både i arbeidsgrupper og i selskapsliv, førde til at kommunikasjonen ofte blei engelsk endå om flest alle til stades var norsktalande. Dette skjedde lett fordi kjennskapen til engelsk var etter måten god, og me norske har lite imot å snakka engelsk. Me vedgår ugjerne at det er noko me ikkje skjørnar på engelsk, endå om forståinga ikkje alltid er fullgod.

Med eitt ord kan den utviklinga i Noreg som utbygginga av oljenæringa tidleg i 1980-åra førde med seg, best karakterisert som internasjonalisering, både språkleg og meir allment kulturelt.

Spreiing av eit språk til område der det ikkje høyrer til frå før, er vel kjend mange stader i verda. Eit døme i norsk språkhistorie har me i spreiing av dansk til Noreg, kreolisering av dansken med framvokster av riksmål/bokmål og til sist utbreiing av sekundært talemål tufta på det. Eit anna døme er fortrenging av samisk språk med norsk i Nord-Noreg, ikkje minst i vårt hundreår.

I ein global samanheng har nok ikkje noko anna hundreår hatt så mykje språkøyding som det 20. I boka «Oljespråk» (1983) har Einar Flydal peika på korleis slike prosessar fleire stader i verda har parallellear med språksituasjonen i olje-Noreg tidleg på 80-talet.

Språkleg internasjonalisering har mange føremonar. Kunnskap og innsikt vert spreidde med språk. Det området som eit dominerande språk vert spreidd til, kjem inn i det nye språket sin kultur og kunnskapskrins. Noreg fekk del i kunnskap og røysle om petroleumsverksemd gjennom engelsk. Engelsken bar den nye kunnskapen fram i vårt land, før norsken hadde

eigne ord for tanke og tale på dette fagfeltet. Engelsken spela ei tolke- og formidlarolle som var med og gjorde ei snøgg utvikling av oljenæringa mogleg.

For eit lite språksamfunn vil det vera naudsynt og positivt at mange medlemmer attåt sitt eige mål har god kjennskap til eit verdsspråk som engelsk. Men når det framande tek over funksjonar som lokalspråket elles ville hatt, har språkpåverkinga gått over frå å vera eintydig positiv til å gå inn i eit utviklingsmønster som fort fører til fortrenging og marginalisering av lokalspråket.

Tidleg på 80-talet var det mange grunnar for å frykta at norsk ville verta varig, heilt eller delvis, borte frå oljenæringa. Det ville ha betydd at norsken vart borte frå eit viktig område av samfunnslivet i Noreg. Det kunne ha ført til ein alvorleg defekt eller «hol» i norsken, ved at det fanst eit viktig område av vårt samfunn, som mange kom i direkte kontakt med, og som me ikkje kunne snakka skikkeleg om på vårt eige morsmål.

I ein slik situasjon ville det ha oppstått ein faktisk mangel, eller feil, med norsk. Det ville ha kome til ein sakleg grunn for ikkje å bruka norsk på eit viktig felt. Norsken ville vera på veg til å bli mindreverdig, i alle høve i denne viktige og ekspansive sektoren av næringslivet. Døme på ein situasjon som liknar på dette, hadde ein då driftshandbøkene for Gullfaks A fyrst vart skrivne på engelsk fordi det ikkje fanst nokon norsk petroleumsterminologi til å gje dei norsk språkdrakt. Difor vart handbøkene fyrst utarbeidde på engelsk, og så omsette. Oppdragsgjевaren, Statoil, laut så investera i eit større terminologisk prosjekt ved Universitetet i Bergen (Terminol), parallelt med sjølve fornorskings- og omsetjingsprosjektet.

Blant nordmenn som sjølv nytta engelsk i denne tidlege perioden av norsk oljehistorie, fann ein heller mange som forsvara engelsk arbeidsspråk og engelsk terminologi. Det var ofte slett ikkje personar som var særskilt flinke i det framande språket. Dei var over elementærnivået, men hadde likevel ikkje nok innsikt til å vurdera sine eigne språkprestasjonar realistisk. Dei grunngav ofte val av engelske fagord framfor norske med at dei framande var meir presise. Dei kjende det som dei norske orda hadde fleire sidetydingar enn tilsvarande engelske. «subsea

template» eller «well cluster» vart av fleire norske fagfolk opplevde som meir eksakte enn «bunnramme» og «brønnklynge». Ein informant tykte «brønnklynge» var lårteleg, medan «well cluster» var heil greitt. «derric man» var stort sett greitt, medan «tårmann» var vanskeleg å få miljøet til å godta. Dei engelske termene tydde berre ein ting, vart det framhalde. Dette var òg ein type holdningar som det var mindre av hos norskspråklege med høg kompetanse i engelsk, og dei var fråverande hjå engelskspråklege. Engelsktalande tykte nok jamt over at deira språk var best, men ikkje fordi ord og omgrep var særskilt presise og eintydige.

Eit språksamfunn kan ikkje tillata at ein viktig og prestisjefyld sektor, som petroleumsnæringa er i Noreg, vert framand-språkleg. Det kan snart føra til at ekte språkskifteprosessar kjem i gang. Slike prosessar vert etter kvart drivne fram av eiga tyngd med krefter i samfunnet sjølv, uavhengig av påverknad utanfrå. For å ta parallellet med dansken i Noreg, så skjedde den ster-kaste danskinga i samfunnet vårt i det 19.hundreåret, etter at sambandet med Danmark var brote.

Språket strukturerer og namngjev omverda. Oljenæringa kom til oss på engelsk, og det framande språket har òg forma næringsvegen på ein framand måte. Dersom næringa hadde blitt namngitt først gjennom norsk eller eit anna nordisk språk, ville førestillingar, tankar, verdisett i tilknyting til oljedrift ha vore andre enn no, meir i samsvar med norske/nordiske røynsle og tradisjonar. Det klårt maritime miljøet i norsk oljedrift, ville nok òg ha prega begrepsstrukturen endå sterkare, dersom ikkje fagspråket frå oljedrift helst på svært tørre stader på landjorda hadde blitt teke med til sjøs.

Konnotasjonane frå oljespråket har òg verka tilbake på sosiale mønster, både innanfor bransjen og på samfunnet omkring. Oljeindustrien var ny, moderne, utanlandsk, rik. Språket fekk ein viktig signaleffekt for mange. Innanfor næringa fekk me gruppeddanningar, gjerne òg motar langs språkskilje. For mange norske fagarbeidarar var det ein ny situasjon at norsk språk ikkje strakk til på ein norsk arbeidsplass. Norsken kjendes bondsk, og mange knota engelsk, slik andre før knota bymål når fjordabåten vel hadde lagt til kai. Før var heimemålet grovt og

riksmålet «fint». No kom det til eit mål som var endå «finare», og som ikkje fullt så mange kunne like godt, endå om dei ville, slik at det kunne verka sterkare utskiljande.

Mange norske arbeidsfolk opplevde at dei ikkje fungerte så godt på engelsk som på norsk. Når arbeidsspråket er framandt, ser ein gjerne at lokalspråktalande får meir underordna roller enn sine framandspråklege kollegaer, endå i tilfelle der dei lokale arbeidarane objektivt sett er betre kvalifiserte. Dette kjem ofte av at den som har språket som sitt eige, betre får kommunisert og selt sin kunnskap. Me framstår jamt over som dummare på eit språk som me kan middelmådig, enn på eit som me kan godt. Arbeidsmiljøet innrettar seg etter den måten individet framstår på, ikkje korleis det kunne ha framstått om språkpremissa var andre. Dette er gammal språkpedagogisk innsikt og røynsle i vårt land, som har hatt språkreising i 150 år, men verknaden vert forsterka i forhold til ein ikkje-nordisk framandt mål.

Arbeidsspråket er ein viktig miljøfaktor. Den som alt har det som sitt morsmål, har ein fordel framfor andre, og kan leggja vekt på å bli flinkare på andre område, medan andre må læra to språk, og gjerne må læra faget sitt om att i det arbeidsspråket som gjeld på arbeidsstaden. Dette må me rekna med, anten arbeidsspråket er norsk eller eit anna. Når det er arbeidstakrar med ulike morsmål der, vil alltid nokre ha ein ulempe framfor andre. Me kan ikkje fjerna ulempen. Men me kan velja kven som skal ha han. Valet står mellom å gjera det til ein ulempe å vera norstalande eller framandspråkstalande på ein norsk arbeidsplass i Noreg.

Når me no ser tilbake på det tiåret som har gått sidan oljeboomen tidleg på 80-talet, kan me slå fast at engelsken i olje-språket ikkje innleidde ein språkskifteprosess i Noreg då. Årsakene er nok fleire: For det fyrste fekk me ei omfattande fornorsking av oljenæringa. Statoil, Norsk Hydro, Saga vart hovudaktørar i norsk oljedrift. Etter som norsk kompetanse vokser, tilsette òg utanlandske selskap i aukande grad norsk personell. Dessutan vart det sett i gang aktivt arbeid for å betra vilkåra for utvikling av eit norsk petroleumsspråk, ikkje minst

ved Universitetet i Bergen. Me fekk lovfest vern av norsk. Terminologisk arbeid blei gjennomført, og kravet om norsk som styringsspråk stod sterkare politisk enn ein kunne ha venta. Sist, men ikkje minst, verka nok den sterke nedgangen i oljeprisen frå 1986 at norsken vart styrkt. Norsktalande oljearbeidarar var jamt over billegare enn amerikanske. Dessutan vart fastlands-Noreg viktigare att då olje vart billegare, og oljesektoren mindre dominerande enn han kunne ha vorte med ein pris på over 40 dollar fatet.

Påverknadene frå engelsk på norsk utanfor oljenæringa i 80-åra førte ikkje til fortrenging av nasjonalspråket, men liknar heller tilsvarande påverknader som norsken òg har hatt før, t.d. frå nedertysk handelsspråk, tysk bergverksspråk, hollandsk sjømannsspråk, svensk rallarspråk o.a. Det var ein påverknad som norsken tolte, og viste seg først og fremst gjennom omfattande innlån, gjerne òg av ord og uttrykk som ikkje kan seiast å vera oljeord, og der det fanst norske ord frå før. Men dei framande orda retta seg vanlegvis etter norsk uttale og vart bøygde etter norske reglar, og var såleis assimilerte i norsk, og ikkje lenger framandspråk. «Sjå te å sjytta den valven på paipen på nordsiå!» kunne vore ein gyldig setning olje-rogalandsk. Dette er levande norsk, endå det etymologisk finst klårt engelsk opphav.

Flaumen av språklege lån òg inn i allmenspråket, både einskildord og fraselån, var nok med på å alarmera tradisjonelle språkvernalar i Noreg: Norsk språkråd, fortattalar, språkpolitiske organisasjonar, lærarar o.a. Dette var nok med på å setja oljespråket på dagsordenen, òg kulturpolitisk.

I petroleumsnæringa sjølv var nok likevel kulturvernet ein mindre viktig grunn for fornorskinga, endå om dette òg talde med, særleg dersom eit firma venta meir velvilje i samfunnet omkring ved å ta meir omsyn til norsk. Statoils vedtak om at Gullfaks-feltet skulle administrerast og drivast på norsk, var svært viktig. Bakgrunnen for vedtaket var nok likevel heller tryggleik enn omsynet til nasjonalkulturen.

Det er ei vanleg røynsle at norske arbeidarar fungerer dårlegare på engelsk enn på norsk. Kommunikasjonen tek lenger tid på engelsk, det oppstår fleire misforståingar, vert gjort fleire feil. Opplæring tek lengre tid, vert dyrare, folk er dårlegare mo-

tivert når språket er framandt. Framandspråklege og fleirspråklege arbeidsmiljø er dessuten meir sårbare i krisesituasjonar. «BRANN» er farlegare for norsktalande enn «FIRE», endå om ordet er kjent. I krisesituasjonar fell dessutan folk lett tilbake til morsmålet, og kommunikasjonen sviktar når ein treng han mest (jamfør t.d. ulukka med Scandinavian Star). Dei store verdiene det er tale om, og konsekvensane av feilhandlingar (jamfør hendingane med: Alexander Kielland, Piper Alpha, Ekofisk, Bravo, Sleipner) gjer at tryggingsargumentet må tilleggjast stor vekt.

Tryggingsaspektet ved fornorskinga er likevel ikkje eine-rådande ved sida av kulturvernet. Lokalspråk, hjå oss norsk, fører til betre arbeidsmiljø, meir i samsvar med norsk arbeidslivskultur. Det oppstår ikkje grupper og klikkar langs språklege skilje, og det vert ikkje knytta konnotasjonar til over-/undersjikt på slike grunnlag. Etter mønster av skiljet mellom «gadespråg» og «fint», unngår ein å få eit sosialt sjikt på arbeidsplassen som er «finare enn fint».

Språket som styringselement mellom delar av multinasjonale konsern kan ein òg studera i norsk oljeverksemd. Når eit transnasjonalt selskap fastset hovudkontorets språk som arbeids-språk i Noreg, har det òg samtundes lagt grunnlaget for langt sterkare sentraldirigering og mindre sjølvstende for datterselskapet enn om lokalspråket blir bruks. I Noreg har amerikanske selskap som t.d. Phillips Petroleum og Mobil engelsk som arbeidsspråk, av desse to igjen, mest gjennomført hos Phillips. Dette gjev morfirmaet klår styrings-/sentraliseringsfordel. Problemet med det norske lokalspråket vert forsøkt trengt ut or firmaet og over på vertslandet og dei tilsette der. Dette har igjen sin pris. Problema som nettopp Phillips hadde, særleg før selskapet fekk seg norsk toppleiar, med å tilpasse seg både norske styresmakter og arbeidskultur, kan ha hatt samanheng med manglande tilgang på gode læresituasjonar for sosial kompetanse i vertslandets kultur gjennom aktiv deltaking i norsk arbeidsspråk.

Eit framandspråkleg firma vil gjerne be om ikkje-norsk kommunikasjon med seg så langt som det går. Til og med norske styresmakter gjekk langt i fyrstninga for å imøtekoma krav

fra utanlandske firma i oljebransjen. Lover og føresegner var gjerne gyldige både i norsk og engelsk versjon. Det har det blitt mindre av etter kvart, og den norske versjonen vert juridisk bindande.

Krav om norsk i tilbod, om norskkunnskapar for mannskap på norske skip og borefarty, er klårt konkurransevidande til norsk fordel, liksom engelsk er det, om ikkje like sterkt, den andre vegen. Kravet om engelske tilbod fører til at særleg mange mindre norske firma held seg borte frå leveransar til utanlandske firma på norsk sokkel. For det framande firmaet er heller ikkje denne situasjonen berre ønskjeleg. Det fører ofte til auka kostnader for verksemda og därlegare integrering i norsk næringsliv. Slik ser me at forhold knytta til språkspørsmål grip direkte inn i spørsmål som gjeld både næringspolitikk og forretningsdrift.

I norsk petroleumsnæring finst det mange slags engelsk: amerikansk, britisk, fransk og norsk engelsk, for å nemna nokre. Eit særtilfelle er språket i Elf Aquitaine. Dette franske selskapet brukar engelsk som arbeidsspråk i Noreg. I tillegg blir både norsk og fransk bruka. Engelsken fungerer her som eit lingvafanca mellom to grupper, der ingen har det sams arbeidsspråket som morsmål. Engelsken til nordmenn og franskmenn er nokså ulik, ikkje berre fonetisk. Fransktalande vil ha ein klår tendens til å bruka ordtilfanget i engelsk med romansk rot, medan nordmenn gjerne kjenner seg mest fortrulege med opphavleg germanske ord.

Elles er meir akademisk terminologi, som det er sterk tradisjon for både i Skandinavia og Europa elles, meir framand for nordmenn enn for fagfolk frå mange andre europeiske land. Det kjem av at dette fagordstilfanget gjerne kjem frå klassiske språk som latin og gresk. Desse faga har for lenge sidan vore mest heilt ute or allmenn utdanning her i landet, medan dei ennå er viktige skulefag mange stader elles i Europa. Terminologi med klassisk opphav vert dessutan støtta av store delar av det levande ordtilfanget i t.d. fransk og engelsk. Dette fører til at akademisk teknisk terminologi er mindre motivert, meir arbitrær, i Noreg enn i dei fleste andre europeiske land. Her ligg òg noko av grunnen til at amerikansk engelsk oljespråk kunne vinna så

lett innpass i fyrstninga, òg på område der det alt fanst ein innarbeidd norsk terminologi i tilsvarende næringar på land. Det amerikanske oljespråket i Texas-versjonen var nettopp ikkje akademisk, men ytтарst folkeleg: rough neck, monkey board, wild cat well, roust about, rat hole osb. Dette var språk til folk med olje på fingrane, og nordmenn kjende seg ofte meir tiltrekte av det enn av fagterminologi til ei verd med folk i kvite frakkar. Det er difor ikkje alltid opplagt at utbygging av folkelege amerikanske yttrykk med innarbeidde akademiske termar er ein pedagogisk fordel. Eksisterane fagord er ofte òg framande og vanskelege, både å læra og hugsa. Dette styrker amerikansk engelsk og gjer Texas-dialekten til ein farlegare konkurrent for norsk.

Når ein snakkar snøgt om oljeord, nemner ein straks ei rekje av dei typiske glosane som me nett hadde døme på ovanfor. Men petroleumsdrifta er langt meir omseggripande enn dei arbeidsoppgåvene som er særskilt knytta til petroleumsfag. Oljespråket trengjer inn på ei lang rekke med tradisjonelle fagområde, der det alt finst innarbeidde fagspråk. Me kan nemna i fleng: mekanikk, skipsbygging, røyrleggjar- og elektrikarfag, betongindustri og anlegg, restaurant- og hotellfag, maritime fag osb. Dersom oljenæringa skulle bli engelskdominert, ville det her verta ei svær kontaktflate til det meste av norskspråkleg næringssliv. Konsekvensane av engelsk dominans i oljespråket kunne difor fort verta vidtrekkjande.

Til dette kjem så holdninga frå norske kvinner og menn til skriftspråk. Gjennom målstriden har me eit engasjement i språkspørsmål, som er både sterkt og uttrykt. Men samstundes har språkstriden ført til ei kløyving. Tradisjonelt markerer nynorsken seg no sterkest i strevet for eit heimleg norsk mål i alle samanhengar. Purismen er sterkest i samband med nynorsk. Bokmålet er det no mindre farleg med. Endå om fornorskingsstrevet var grunnlaget og lenge sjølve soga til det målet òg, har bokmålpurismen i dei seinare åra stort sett gått i reaksjonær lei. Bokmålsstrevet går no stort sett ut på å halda folkelege norske former, og uthykk borte frå skrift, til fordel for meir klassisk riksmålstilfang av unorsk opphav.

Skriven oljenorsk er i liten grad nynorsk. I tale står folkeleg nynorsk dialekt minste like sterkt blant norsktalande som i andre næringar, og representerer den norske språklege identiteten. Dette er med på å svekka posisjonen til standarisert norsk fagspråk, sidan det er meir akademisk og fjernt frå talen. Identifikasjonen med det dominerande skriftspråket er splitta og veik, og det talte språket er ope for innlån. Bokmålet blir brukta av dei fleste i skrift, endå om det ikkje blir tala. Men dei fleste som brukar det, har veik identifikasjon med det, og syner sjeldan kjensletilknytning. Få er glade i bokmål. Dette er med og gjer bokmålet utsett som arbeidsspråk. Motivasjonen for vern av bokmålet er ikkje særleg utbreidd. Det vert sett på som eit praktisk kommunikasjonsmiddel utanfor individet, og kan i mange praktiske samanhengar lett byttast ut med engelsk utan at brukarane tek det så tungt.

Nynorskbrukarane i oljenæringa identifiserer seg der òg sterkt med skriftspråket sitt. Men utbreiing av nynorsk er så pass lita i oljeverksemda at dette får mindre å seia. Arbeidet med norsk petroleumsspråk har måtta starta med bokmålet fordi det er utbreidd. Men med det får òg språkvern- og kulturargumenta mindre gjennomslag. Det er som nemnt andre argument som veg tyngst for eit norsk petroleumsspråk. Dette vil i sin tur verka på normering og standardisering av norsk petroleumsterminologi. Kulturomsynet kjem i bakgrunnen, og nytte-aspektet vert viktigare. Men den kortskiktige nytten kan skifta, t.d. ved at våre norske oljeselskap tek steget fullt ut og vert multinasjonale energiselskap. Då kan eigarens språk bli truga på nytt. Ei slik endring kan koma brått, sidan fornorskinga i 80-åra bygde så sterkt på praktisk nytte for det einskilde firmaet.

Noreg er eit land med sterke tradisjonar i språkpolitikk og språkleg planlegging. Skulestyre vedtek opplæringsmål etter krinsrøystingar på liknande vis som andre lokalpolitiske spørsmål vert avgjort. Stortinget vedtek rettskrivingar. Me er både språkråd og råd for terminologi. Likevel kan me heller ikkje i Noreg innføra petroleumsspråk med fleirtalsvedtak. Det trengs tilslutning frå språkbrukarane i dei miljøa det gjeld.

I det organiserte arbeidet med norsk petroleumsspråk har ein nettopp i stort monn fått dette til gjennom fruktbart samarbeid

mellan språkvernaraar, politikaraar og viktige brukaraar av fagspråket. Heilt frå Terminol-prosjektet for Statoil (1984-85) har Universitetet i Bergen gjennomført terminologisk samarbeid med både norske selskap og utanlandske, t.d. Mobil og Elf. I nokre hektiske år med høge oljeprisar vart det lagt eit solid grunnlag for ein norsk petroleumsterminologi, som næringa sjølv har kunna forma vidare ut til eit vel utbygt kommunikasjonsmiddel, både for petroleumsfag og for praktisk arbeidsliv. Viktig for denne positive utviklinga var nok at initiativet og dei tunge investeringane i fagterminologi kom frå industrien sjølv.

Det er sannsynleg at det systematiske arbeidet som vart gjort frå midt på 80-talet og framover, gjorde norsk arbeids- og styringsspråk mogleg på alle felt. Det har nok vore ei viktig årsak til at framandspråk ikkje har vunne meir innpass enn tilfellet er så langt. Dette kan i eit lengre perspektiv òg visa seg å ha vore viktig for allmenspråket. Men striden for å halda på norsk språk på alle område i Noreg er ikkje over. Norsk industri, både i oljebransjen og elles, vil i aukande grad bli transnasjonal. Det vil ikkje skje utan at norsk arbeidsspråk kjem under press. Framandspråklege sjefar og andre tilsette på norske arbeidsplassar tvingar ofte inn engelsk både i rapportar og som møtespråk. Den tekniske utviklinga fører inn over oss engelskspråklege datasystem. Eigenutvikling og omfattande tilpassing av programvare er dyrt og passar dårlig med moderne informasjonsteknologi. Med det minkar òg høvet til å påverka direkte språket i dialogane mellom menneske og maskin.

Kravet om norsk må koma frå oss som har språket som morsmål. Me må be om norske løysingar, og velja norsk framfor framandspråk når tilbod finst. Me må la norsk språkleg innpakking vera ein positiv eigenskap ved alle varer og tenester som nokon vil selja til oss. Dette er ikkje ein strid som tek slutt for eit lite språksamfunn som vårt. Han må vinnast kvar dag i skiftande situasjonsar i ei verd i endring.